

KATASTROFEPLAN FOR HELSETENESTA I HAREID

Vedlegg til Beredskapsplan for helse- og sosialtenesta i Hareid
Vedteke av Hareid kommunestyre 28. mai 2009

Innhald:

Melding om ulukke/katastrofe	3
Varsling og innkalling.....	3
Samband.....	4
Materiell.....	4
Skadestaden.....	5
Legekontor/anna legeteneste.....	6
LV- sentralen ved sjukehuset i Volda.....	6
Psykososiale støttetjenester.....	7
Informasjon.....	7
Debriefing	7
Kontaktinformasjon:	8

Melding om ulukke/katastrofe

Den som tar imot melding, skal sjå til å få svar på følgjande spørsmål:

- kven varslar?
- kva har hendt?
- kvar er skadestaden?
- tal på skadde?
- korleis kan vi kontakte tilbake den som varslar (telefon o.l.)?

Dersom LV sentralen i Volda tar imot meldinga, skal ein bruke prosedyrane ved RØD prioritert (lege/ambulansevarsling – overføring til AMK- sentral).

Dersom andre tar imot meldinga (legekontor, vakthavande lege) skal umiddelbart AMK bli varsla over telefon 113 eller mobilt radioutstyr.

AMK-sentralen avgjer om ein skal slå katastrofealarm.

Varsling og innkalling

- 1. Varsle AMK - Lokal legeambulansealarm**
- 2. AMK varsler LV-sentralen i Volda**
- 3. LV-sentralen varsler ekstra legar bosatt nær katastrofestaden**
- 4. LV-sentralen skal varsle**
 - a. Kommuneoverlegen**
 - b. Hareid sjukeheim**
- 5. Vakthavande sjukepleiar ved sjukeheimen sørger for vidare varsling**
 - a. Rådmann eller ordførar**
 - b. Krise og omsorgsgruppa ved nestleiar eller leiar NAV**
 - c. Helsesekretærar til legekontoret**
 - d. Ekstra sjukepleieressursar frå heimesjukepleie eller sjukepleiarar i frivakt etter behov**
 - e. Apoteket dersom behov for meir medikament, bandasjemateriell eller infusjonsutstyr.**

Vakthavande lege og AMK- sentral vert samde om omfanget av dei personane som i første omgang skal bli varsla og dei ressursane ein skal be om. Dette skal revurderast etter at vakthavande lege har fått oversikt på skadestaden.

LV-sentralen Volda kaller inn ekstra legar og varsler kommuneoverlegen og Hareid sjukeheim

Vakthavande ved sjukeheimen varsler alltid lokal kriseleiing ved ordførar eller rådmann, krise- og omsorgsgruppa og minst 2 legesekretærar til legekontoret. Andre lokale ressursar i kommunen vert varsla etter oppdrag frå LV-sentralen

eller AMK Om naudsynt kaller ein inn ekstra personell til å hjelpe med varslinga.

AMK-sentralen har ansvaret for varsling av fagsentral for politi, brann, sjukehus, ambulansar, legehelikopter m.m. ved ein eigen beredskapsplan for Helse Sunnmøre.

Behov for hjelp frå brannvern, redningsmateriell, industrivern, Røde Kors o.l. vert meldt enten via skadestadsleiing (politi) dersom dette er etablert, eller til AMK – sentralen.

Samband

Legevaktsentral eller AMK-sentral opprettar aksjonssamband i helseradionettet. Ved bruk av helseradionettet og aksjonssambandet vil ein kunne kommunisere direkte med LV sentral, AMK-sentral og anna helsepersonell på skadestaden utan å sende oppkallingssignal kvar gong.

Dersom det er behov for radiokommunikasjon med brannpersonell og politi på skadestad, kan dette skje gjennom redningskanalen – kanal 5. **Dersom helsepersonell stiller radioen over på kanal 5, må ein gi beskjed om dette over helseradionettet først.** Fagleiar helse bør ha to helseradioar og vere oppkoblå i begge netta. Begge helseradioane ved Hareid legekontor bør derfor bringast med til ulukkesstaden.

Ein som har stilt radioen over på redningskanalen vil ikkje lenger høyre kommunikasjonen over aksjonssambandet i helseradionettet. Ein kan likevel opprette kontakt med denne personen ved å bruke oppkallingssignal.

Ved behov for kontakt med AMK og legevaktsentral, må ein gå tilbake til helseradiokanalen.

Dei andre legane tar med tilgjengeleg mobilt radioutstyr under utrykking og stiller dei på helseradionettet eller redningskanalen etter skjønn og behov.

Erfaringsmessig blir mobilnettet overbelasta i slike situasjonar så ein kan ikkje rekne med påliteleg kommunikasjon med mobiltelefon.

Materiell

Når katastrofealarmen går, skal sjukepleiar ved sjukeheimen lage til ei kasse med bandasjemateriell, morfin, Afipran og infusjonsutstyr som er tilgjengeleg i avdelinga.

Etter oppdrag frå AMK-sentralen, kan personale ved sjukeheimen kontakte apoteka i Hareid og Ulstein ved behov for ekstra infusjonsmateriell, bandasjemateriell, morfin el.l.

Skadestaden

Skadestadsleiar (SKL) vil normalt vere politi, men kan vere brann- eller helsepersonell inntil politiet kjem. SKL si hovudoppgåve er å koordinere innsatsen til fagleiarane og legge tilhøva best muleg til rette for at desse skal kunne løyse oppgåvene sine.

Fagleiar Helse (FH)

Den legen som kjem først til staden, fungerer som Fagleiar Helse (FH) inntil vakthavande lege eller helsesjef i kommunen bestemmer noko anna. Dersom det kjem utrykkingslege frå sjukehus eller luftambulanse, kan FH-ansvaret overførast til denne etter avtale mellom dei legane det gjeld eller avgjerd frå SKL.

Oppgåvene til Fagleiar Helse er i følgje tiltakskortet i Helse Sunnmøre sitt planverk:

- FLH er øverste medisinske leder, og arbeider normalt ved pasientene / samleplass.
- Ta på merkevest ”Fagleider helse ” (evt. Fagleider Sanitet)
- Etablere kontakt med Skadestedsledelses-KO (SKL-KO) og Operativ leder Helse (OLH)
- Etablere samband til AMK
- Prioritere pasienter på skadestedet; evt på samleplass
- Prioritere behandling av pasienter
- I samarbeid med OLH vurdere ressurstilgang og eventuelt korrigere denne
- Utføre nødvendige livreddende avanserte prosedyrer
- Prioritere transport og transporttype (ambulanse, helikopter, fly, båt etc)
- Bestemme leveringssted i samråd med AMK og OLH
- Ved stort omfang: utpeke Leder Samleplass (LS) i samråd med OLH

Operativ leiar helse OLH

Operativ leiar helse vert utpeika av ambulanseleiinga i AMK. Oppgåvene er i følgje Helse Sunnmøre sitt tiltakskort:

- Ansvar for organisering, ledelse og koordinering av de operative helseressursene på et skadested
- OLH sin plass er i skadestedsleder -ko (ofte etter akuttfasen)
- Avklare sikker vei inn til skadestedet
- Sikre skadestedet dersom dette ikke er utført
- Ta på merkevest
- Parkere med tanke på brann / frigjøring (Foran, bak, side = 20, 20, 10m)
- Etablere kontakt med Skadestedsleder (SKL) / Fagleider Brann (FB)
- Opprette samband med samarbeidende etater og AMK
- Skaffe oversikt
- Gi tidlig tilbakemelding til AMK om antall pasienter og foreløpig alvorlighetsgrad
- Etablere sikker vei inn til skadestedet

- Utføre livreddende førstehjelp til neste ambulanse kommer
- Organisere øvrige tilkomne ambulanser
- Etablere kontakt med Fagleider Helse (FLH) som snart funksjonen er etablert FLH er øverste medisinske leder, og arbeider normalt ved pasientene / samle plass
- Prioritere transport av pasienter etter alvorlighet
- Sikre at det er tilgjengelige ambulanser til de kritisk skadde
- Bestemme leveringssted i samarbeid med FLH og AMK-sentral
- Arbeide i KO sammen med SKL, FB og evt FO.
- Ved stort omfang: utpeke Leder Ambulanse viss ikke etablert, Leder innbringertjeneste og Leder Samle plass i samarbeid med FLH. I tillegg utpeke AKP-assistent samråd med SKL

Samarbeid og organisering

Fagleiar Helse skal heile tida samarbeide nært med Operativ Leiar Helse.

SKL skal heile tida vere orientert om observasjonar og funn, kva varsling som er utført og kva ressursar som er på veg, både for å få det registrert og fordi det kan kreve spesielle tiltak når det gjeld t.d. organisering av trafikk og mottak på skadestaden.

Etter kvart som det kjem meir personell, må desse få konkrete oppgåver. Ved ein stor skadestad bør ein dele inn i teigar slik at sanitetspersonellet får eit avgrensa tal pasientar/område å arbeide med.

Helsepersonell og førstehjelparar vert i første omgang sett inn på skadestaden. Etter kvart som ein startar innbering vert personellet overført dit. Når ein startar transport til sjukehus, må ein sørge for personell til å følge pasientane i ambulansane.

Legekontor/anna legeteneste

Legekontoret skal bemannast med legesekretærer og gjerast klar for handsaming av lettare skadde som ikkje treng transport til sjukehus. Så snart tilhøva ved skadestaden gjer det mogeleg, skal desse kontora bli bemanna av lege som i tillegg til desse skadane tek seg av anna naudsynt legehjelp.

LV- sentralen ved sjukehuset i Volda.

I ein katastrofesituasjon skal radiopanelet og legevakttelefonen vere bemanna kontinuerlig. Operatøren skal heile tida følge med på aksjonssambandet og hjelpe til med gjennomføring av varslingsplanen.

Alle henvendingar til legevakt skal prioriterast strengare enn normalt. Dei som på nokon måte kan vente, blir bedne om å kontakte lege neste dag. Dei som må bli handsama same dag, men ikkje hastar på timen, vert notert og ringt tilbake når legetenesta har kapasitet til det. Tilstandar som ikkje kan vente, skal legevaktssentralen rådføre seg med AMK-sentralen om..

Psykososiale støttenester

Det bør etablerast ein samlestad for ferdigbehandla overlevande og pårørnde. Aktuelle stader kan vere eldresenteret på Hadartun og Hareid bedehus. Dersom ulukker skjer ved dei store bedriftene, vil det kunne vere naturleg å nytte kantinene der. Krise- og omsorgsgruppa har ansvaret for etablering og bemanning av slik samlestad.

Psykiatritenesta og lokale prestar bør bli varsla for hjelp ved samlestad. Eventuelt behov for hjelp frå yrkeshelsetenesta/krisepsykiatri bør bli vurdert.

Hareid Sanitetsforening har eit beredskapsstyre som kan sørge for hjelp til praktisk arbeid på ein slik samlestad (matsservering m.m.) og innkvartering.

Så snart legar kan frigjerast frå det prioriterte medisinske arbeidet bør dei også kunne gå inn i dette tilbodet.

Informasjon.

Spørsmål frå presse og andre skal ein vise til politiet. Inntil politiet eventuelt oppgir særskilt telefonnummer til formålet, oppgir ein nummeret til Lensmannen: 02800 ved oppringing frå politidistriktet eller 70118700 ved oppringing utanfor politidistriktet.. Det er også politiet si oppgåve å organisere informasjon til pårørnde. Ved samlestad for ferdigbehandla og pårørnde, bør det stillast telefon til rådvelde.

Dersom kommunen har organisert kriseleiing vil ein ha ein eigen person med ansvar for informasjon. Hareid kommune sitt sentralbordnummer er 70095000.

Debriefing

Dagen etter katastrofen skal alle som har vore med i redningsarbeidet få tilbod om å møtast i høvelege store grupper for å samtale om opplevingane. Kommuneoverlege og lensmann er ansvarlege for å organisere dette.

Innan få dagar etter ulukka skal skadestadsleiar, fagleiar sanitet, kommuneoverlege og eventuelt andre impliserte ha ein gjennomgang for å drøfte sterke og svake sider ved aksjonen med sikte på å gjere katastrofeplanen betre.

Kontaktinformasjon:

Hareid legekontor	70037700 e.l. 70037702
Radio	17311 e.l. 17331
Legevaktmobil	48029307
Hareid rådhus	70095000
Legar	
Kommuneoverlege Ottar Grimstad	70092210 mob. 91663035
Kommunelege Vidar Vollsæter	70093124 mob. 90697732
Kommunelege Nataliya Overå	70092365 mob. 99108384
Lege Gunnar Saunes	70010692
Hareid sjukeheim	70037500
Direkte nummer:	
Korttidsavdeling	70037592
buavdeling sør	70037571
buavdeling aust	70037577
skjerma sør	70037583
skjerma aust	70037588
heimesjukepleien	70037543/545
heimesjukepleien vakttelefon	91566732
Ordførar Hans Gisle Holstad	70092845 mob. 41428623
Rådmann Arne Gunnar Aschehoug	mob. 99597170
Legesekretærer:	
Anne-Beate Bigset	700 70 084 mobil: 975 32 996
Unni Waage Angelsen	976 69 425
Linda Kristin Flø	700 12 011 mobil: 412 76 677
Kari-Anne Sandvik Yksnøy	700 12 571 mobil: 934 34 554
Berit K Fugledal	700 11 265 mobil: 470 25 301
Lill-Christin Moldskred	700 16 212 mobil: 994 27 575
Apotek:	
Apotek 1 Hareid	70093000
Styrrar Atefeh Ranjbar	71703272 Mobil: 90917531
Alliance apotek, Ulsteinvik	70008690
Gøran Tallroth Apotekar	48883858
Mariann Krogen Farmasøyt	95283459
Terje Grønmyr Sjukepleiar	47451427
Ulstein apotek, Ulsteinvik	70008686
Hans Kjølén, apotekar	70012440 mobil 48179899
Margareth Kvalsvik Jensen	98892174
Else Bakke Elvanes	91597777
Apotek 1 Mørejarlen Ulsteinvik	70018630
Suvi Karen	46224137

Hareid sanitetslag beredskapsgruppe:

Oddfrid Brandal Kleppe 97129276
Giselle Rocha 95167985

Prestar

Sokneprest Michael Møgster k 70095131, mobil 1406667
Kateket Stein Karstensen k 70095130 mobil: 98416585
Sokneprest Atle Hopland k 70017682 privat 70010364

Psykiatritenesta i Hareid:

Monica Småge Skeide k. 70037545 Mobil 41927732
Psyk. Sjukepleiar Therece Herstad Jobb 91566737 Mobil 91566737
Psyk. Hjelpepleiar Daghild Slotterøy Jobb 91566738 privat 90976813
Sjukepleiar Synnøve Kibsgård Jobb 91566739 privat 97037043

Sosialtenesta:

Sosialsjef/NAV-leiar Ingunn Rise k: 70321440 mobil: 92817744

Helsestasjonen

Leiande helsesøster Ann Elin Skeide k 70037750 m 91524260 p 70012484
Hanne Voksøy k 70037750 m 95965160
Kari Mette Runde Eide k 70037750 m 47078525 p 70087271